



Den kulturelle spaserstokken

Om søkjar

Søkjar

Namn på kommune SAMNANGER KOMMUNE

Org.nummer 964968985

Adresse

Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Kontaktperson

Namn Meline Heimdal Haugland

Telefon 47465510

E-post meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no

Nettside

<https://www.samnanger.kommune.no/>

Om tiltaka

Samarbeidande kommunar

Nettverket Kultur for eldre er eit samarbeid mellom kommunane Fusa(1241), Samnanger(1242), Kvam(1238) og Os(1243) for å styrka kulturtilbodet for eldre på institusjonar. Nettverket har møter 2 gongar i året der me har erfaringsutveksling og går saman om å søka midlar til kulturtilbod for målgruppa.

Tal på program / tiltak

3

Samla tal på arrangement

44



Type arena

Tiltaka som er retta mot eldre over 70 år på institusjon vil gå føre seg på dagsenteret, i Storstova, på sjukeheimen i Samnanger. Tiltaka som er retta mot heimebuande vil gå føre seg i ei av kyrkjene våre eller i ungdoms- og grendahus.

Organisering av arbeidet

Kulturkontoret er ansvarleg for søknad, økonomi, bestilling av artistar og rapport om bruk av midlar. Når det gjeld arrangementa retta mot eldre på institusjon har kulturkontoret (KK) eit nært samarbeid Samnangerheimen (SH). Aktivitetsleiar for dagsenteret koordinerer DKSS-programmet på heimen. KK samarbeider også med kulturskulerektoren- og musikkpedagogen vår som besøker SH kvar måndag og får dei eldre med i song og dans. I tillegg blir det spontane besøk av elevar frå kulturskulen. I samråd med Eldrerådet og aktivitetsleiar ved SH har KK kome fram til ei fast fordeling av ordninga. Eldrerådet har ansvar for 1 arr. pr halvår for eldre heimebuande. KK og dagsenteret har ansvar for 2 arr. pr halvår på SH. Det blir laga program årleg.

Innhald i tiltaka

Sjanger og form

Sjanger	Litteratur Scenekunst Film Musikk Visuell kunst Kulturminne Kulturformidling
Form	konsert-framsyning

Tittel

Saksnummer	2016/6750
Tittel på tiltak(a)	1) Syng med oss, 2) Kultur på institusjon, 3) Kultur for heimebuande.

Hovudmålgruppe

Hovudmålgruppa er eldre på institusjon ettersom denne gruppa har vanskelegast med å oppsøka kulturtilbod sjølv. Samstundes er det flest heimebuande i aldersgruppa 70 år og oppover. Tiltaka er difor fordelt mellom heimebuande- og bebuarar på institusjon.

Skildring av program 1



"Syng med oss"

Musikk, song og dans. Kvar måndag besøker musikkpedagog Anne-Lise Nesteby Tøsse Samnangerheimen og engasjerer bebuarar og dagsenterbrukarar til song og dans. Tilbodet er spesielt viktig for demente kjenner at songane. Det er viktig at Syng med oss kan eksistera som tilbod.

Skildring av program 2

"Kultur på institusjon"

Konsert, teaterframsyning, føredrag og utstilling. Me lager nytt program for 2017 i haust.

Skildring av program 3

"Kultur for heimebuande"

Konsert, teaterframsyning, føredrag, utstilling. Det blir laga nytt program for 2017 i haust.

Vidareutvikling av ordninga

Samnanger kommune har bygd ny sjukeheim. Med større romplass kan ein invitara inn fleire deltakarar til aktivitetane som skjer her. Kulturkontoret er eit samlepunkt for Den kulturelle spaserstokken og Den kulturelle skulesekken. Ein er i dialog med skulane om kulturaktivitetar kor skuleelevar og eldre samarbeidar eller tek del i same aktivitet. I 2015 kom ein fram til ei god systematisk organisering av DKSS i kommunen. Med denne organiseringa som grunnlag vil det bli betre for oss i samarbeidet å utvikla oss framover.

Budsjett

Søknadssum til Hordaland fylkeskommune

NOK 45 000

Utgifter

Utgift	Beløp
Syng med oss	30 000
Kultur på institusjon	24 000
Kultur for heimebuande	12 000
Totale utgifter	66 000



Inntekter

Inntekt	Beløp
Samnanger kommune	15 000
Totale inntekter	15 000

Eigenfinansiering

-15000

Kommentarar til budsjett